



Andre Fjellsbø

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/323 - 15/10246

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no


Dato:  
05.05.2015

## Svar på førespurnad om mønehøgde - gbnr 102/139 Vabø

Det vises til dykkar skriv journalført her den 17.04.2015.

De ber om tilbakemelding på kva som er grensa på mønehøgda på garasjar på Vabø.

Vi føreset at førespurnaden er knytt til reguleringsstatus for gnr. 102 bnr. 139. Dykkar eigedom er ikkje regulert, men er avsett til LNFR spreidd i arealdelen til kommuneplanen for Lindås kommune.



Punkt 5.13 til punkt 5.16 i føresegnene til kommuneplanen lyder:



- 5.13 Nye bustader skal vere einebustader med ei buening. Eitt sekundærhusvære med maksimalt 65 m<sup>2</sup> bruksareal (BRA) kan tillatast. Seksjonering er ikkje tillate. Heimel: Pbl § 11-11 nr 2.
- 5.14 Bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 20 %. Samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus skal ikkje oversige 400 m<sup>2</sup>. Dersom det ikkje er bygd garasje samtidig med bustaden, skal det ved utrekning av samla bruksareal (BRA) reserverast minst 36 m<sup>2</sup> for bygging av frittstående garasje. Etter ubygging skal det vere att eit minste uteopphaldsareal (MUA) på 200 m<sup>2</sup> per buening. Maksimal gesimshøgde er 6,0 m. Maksimal mønehøgde er 9,0 m. Høgdene vert målt frå planert terreng. Heimel: Pbl § 11-11 nr 2.
- 5.15 På eksisterande bustadeigedomar kan det gjevast løyve til mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a når samla utbygging er innafor dei grensene som er fastsett ovanfor. Det vert ikkje opna for nye bueningar eller næringsbygg på bustadeigedomar. Det kan gjevast løyve til tilleggsareal inntil 200 m<sup>2</sup> etter pbl § 20-1 bokstav m. Heimel: Pbl § 11-11 nr. 2.
- 5.16 Det skal ikkje byggjast på areal som ligg eksponert i landskapet eller på ein slik måte at landskapet vert fragmentert eller det krevst store terrenginngrep. Dette gjeld også tilhøyrande parkering, garasje, uthus, veg m v. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 6.
- Ved oppføring av ny bustad saman med garasje er det sett ei grense på gesims- og mønehøgde i punkt 5.14.
  - Ved oppføring av frittstående garasje på eksisterande bustadeigedomar gjeld reglane om mønehøgde i punkt 5.14, men bygningen kan berre oppførast i inntil ein etasje, jf. SAK § 3-1 bokstav b).

Punkt 5.16 gjeld uavhengig av dei andre føresegna, og spørsmål om kor vidt eit tiltak vil medføre brudd på denne vil verte vurdert i kvar einskild sak.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Andre Fjellsbø  
Andre Fjellsbø

Vadbuvegen 197 5955

LINDÅS